



Miljødirektoratet v/ Heidi Grete Betten
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Dato: 10.06.2014
Vår ref.: 2014/1126-14
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Tilskot til sikring av friluftsområder 2014

Det vert vist til vedtak i Kultur- og ressursutvalet den 18.03.2014, der Hordaland fylkeskommune gav si tilråding om statleg sikring av friluftsområde for 2014. I etterkant er det komne inn ytterlegare 4 søknadar frå Bergen og Omland friluftsråd.

Desse er:

1. Hitsøy, gnr. 13 bnr. 3 og 4 i Fjell kommune
2. Sveholmen, gnr. 29, bnr. 1 i Austevoll kommune
3. Geitvika, gnr. 45. bnr 29 i Fjell kommune
4. Arboretet, gnr.1201, bnr 105 og 487 i Bergen kommune

I Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak av 18.03.2014 vart fylkesrådmannen gitt mynde til å handsame tilleggssøknadar om statleg sikring av friluftsområde ut 2014. Ved vurderinga av søknadane er det - i tråd med Miljødirektoratet sine retningslinjer - lagt vekt på følgjande faktorar :

- Områder som kjem store befolkningsgrupper til gode. Nærrområder og turvegar i byar og tettstader og landfaste areal ved sjøen har difor høgast prioritet.
- Områder der allmennhetta ikkje har ferdels- og/eller opphaldsrett gjennom allemannsretten og friluftslova – til dømes fordi areala vert definert som innmark.
- Områder som vil bli intensivt brukt, og som treng tilrettelegging for å kunne brukas til friluftslivsføremål.
- Områder som er handsama og prioritert i regional og/eller kommunal planprosess etter plan- og bygningsloven sine føresegner.
- Områder der det er sannsynliggjort rask gjennomføring av sikringsprosessen (saker som truleg blir gjennomført innan eitt-to år).

Alle dei fire søknadane fyller vilkåra for statleg sikring. Søknadane har det til felles at dei gjeld kjøp/tilrettelegging av areal som er viktige regionale friluftsområde. Bergen og Omland friluftsråd har høg kompetanse og gjer ein god jobb både i samband med sikring og seinare forvaltning av områda. Det kan difor leggjast til grunn at dei føremål og tiltak som er skildra vil verte ivaretake på ein god måte. Hordaland fylkeskommune vil tilrå at alle søknadane vert innfridd fullt ut. Under følgjer ein kortfatta skildring og vurdering av søknadane.

Hitsøy

Området er statleg sikra til friluftsområde, Søknaden gjeld erverv av areal som skal sikre god tilkome for allmennheten. For Hordaland fylkeskommune si vurdering av Hitsøy som friluftsområde og tilhøvet til kriteria for statleg sikring, vert det vist til fylkeskommunen si tilråding i samband med saker om statleg sikring i 2012.

Denne må utviklast vidare både for lettare tilkome, men òg for bruk som aktivitetsområde for barn og ungdom. Tiltaket det er søkt om vil gje området meirverdi ved at det kan opne for full bruk. Gjennom å gjennomføre sikringa og tilrettelegging som planlagt vil ein å ytterlegare realisere verdien i dei investeringar som alt er gjort gjennom sikring og tilrettelegging på øya.

Hitsøy er eit særskilt friluftsområde og Hordaland fylkeskommune vil sterkt tilrå at søkeren vert innfridd i si heilhet.

Sveholmen

Bergen og Omland friluftsråd har søkt om kr 655.000 i midlar til statleg sikring av tilleggsareal på Sveholmen i Austevoll kommune. Hovedføremålet er å sikre åtkomst til eksisterande friluftsområde frå hovudveg samt tilrettelegging av området.

Sveholmen er utfartsområde for båt/kajakk for Bergensregionen. Austevoll kajakk klubb har etablert base på Sveholmen friluftsområde som utgjer naturleg utgangspunkt for kajakkturar i Austevoll skjærgårda. Sikring vil ikkje kome i konflikt med verna område. Nærleiken til Bergen har gjort at kommunen dei siste åra har hatt ein svært høg befolkningsvekst.

Ein annan grunn til dette kan vere at Austevoll har Hordaland si yngste folkesamansetnad. 28 % av folkesamansetnaden er under 17 år. Dette gjev Austevoll kommune større behov for friluftsområde tilrettelagd for barnefamiliar no og i framtida. Området har mange viktige kvalitetar som friluftsområde.

- Området kan lett nåast uten bil eller båt, lett tilgjengeleg til fots/sykkel frå buområde. Tilgang ved kollektivtrafikk.
- Eit av få områder i Austevollskskjærgården som er tilgjengeleg for ulike brukargrupper frå landsida utan bruk av båt. Eit allsidig strandområde.
- Området gir rullestolbrukare tilgang til Sveholmen friluftsområde, strandsone. Eit universelt utforma toalett er planlagt på Sveholmen friluftsområde.
- Området er godt tilrettelagt for barnefamilier og for personar med funksjonsnedsetjing.

Grunneigar har godkjent intensjonsavtalen med den foreslalte kjøpesum for eit areal på omlag 6 mål med opparbeida vei, parkering og nokre flotte badestrender. Avtalen omfattar ikkje lenger arealet på nordsida av bruva/vejen. Dette er heller ikkje så veldig interessant då denne er sikra gjennom kommuneplanen som friluftsområde og vil uansett ikkje kunne utnyttas og komme i konflikt med friluftsinteresser.

Hordaland fylkeskommune er samd i Bergen og Omland si skildring og vurdering av Sveholmen som eit viktig regionalt friluftsområde. Det vil vera eit viktig både for folk i Austevoll og andre som nyttar området til friluftsliv, at det no vert etablert betre tilkomst med parkering mv. Med tilrettelegging kan tiltaket ventas å stor tyding også for ulike brukargrupper som elles har vanskar med å utøve friluftsliv i strandsona. Området er eit av få friluftsområde i Austevoll skjærgåren som er landfast og kan nåast med bil.

Hordaland fylkeskommune tilrår at søkeren vert innfridd fullt ut. Bergen og Omland friluftsråd har inngått avtale med grunneigar og legg såleis til rette for ein rask gjennomføring av sikringa.

Geitvika

Sak om statleg sikring av Geitvika i Fjell kommune vart handsama av Kultur- og ressursutvalet i 2012 og Miljødirektoratet gjorde ved den anledning vedtak om tildeling av kr. 3. mill. Det vert i hovudsak vist til dei vurderingar av området og grunnlaget for statleg sikring som vart gitt i 2012. Ved dette høvet er det altså tale om å sökje ytterlegare kr. 700.000 til erverv av grunn.

Bakgrunnen for den nye søknaden er mellom anna at det no ligg føre ny takst som auke kostandane ved sikringa. Dersom det vert tilført ytterlegare kr. 700.000 vil det vera økonomisk grunnlag for å gjennomføra sikringa som låg til grunn for vedtaket i 2012.

Som ved tilrådinga i 2012 vert det vist til at området vil verte eit viktig nærområde for ein stor befolkning i Fjell, og omkring liggjande kommunar som Bergen og Sund. I fylkeskommunen si kartlegging og verdsetting av regionalt viktig friluftsområde har sjøområda og strandsona i Geitvika status som kategori A, "svært viktig regionalt friluftsområde". Frå fylkeskommunalt perspektiv er dette såleis eit prioritert område. Hordaland fylkeskommune si oppfatning er at søknaden ligg særskilt godt til rette innafor retningslinene for statleg sikring og vil tilrå at Bergen og Omland friluftsråd vert tildelt omsøkt beløp.

Arboretet

Arboretet ligger på Milde 23 km sør for Bergen sentrum. Området er på 600 mål og inneholder store plantesamlingar og friluftsområder. Området er fritt tilgjengeleg og alltid opent. Arealet er etter det opplyste i statleg eige. Søknaden gjeld midlar til opning av nytt toalettanlegg for almenta.

Det norske Arboretet på Milde er ein nasjonal institusjon med omfattande plantesamlingar. Samstundes fungerer Arboretet i kombinasjon saman med tilleggande friluftsområde som eit av Bergensregionen sit viktigaste utfartsområder og er nytta av særskilt mange til tura, bading, fisking m.m.

Parkeringsplassen er sjølvje inngangsporten. Tilkoma vert no opp rusta med store private middel med meir enn kr. 1 mill. I samband med nytt vann og kloakkanlegg har Bergen kommune lagt ledning og pumpestasjon inn på området. I det sambandet bygde kommunen eit toalett i tilknyting til pumpestasjonen. Dette er for tida stengt fordi kommunen vil ha ein kompensasjon for bygginga, på kr 144 000.

Søknaden ville normalt ligge betre til rette innafor ordninga med tilskot til opparbeiding av statleg sikra område (post 78). I lys av tilhøva og området si store tyding for folk i Bergen og omegn, vil Hordaland fylkeskommune likevel tilrå at søknaden vert innfridd fullt ut.

Johnny Stiansen
fung. Fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Heidi Grete Betten